

Gode innbyggjarar!

Sumaren kom raskare enn venta i år, men her fylgjer ei oppdatering tå kva eg har drivi med i månadene etter påske.

APRIL:

April starta med eit møte der GDE (geografisk driftseining) leiaren frå politiet Øyvind Aas. Her møtte alle ordførarane i Hallingdal opp på eit møte med han i Gol. Me fekk ein status på korleis arbeidet med politireforma går, men atter ei gong fekk me også beskjed om at alt ikkje var på plass og at visse ting kunne ein ikkje svara ut enno. Hallingane spurde spesielt om innsatsleiarane, pass og arrestfunksjon der me hvertfall fekk vite at passfunksjon skulle bevarast, men i litt mindre omfang enn i dag i Hallingdal. Arrestfunksjon kunne ein ikkje svara ut, og innsatsleiarane vart bekrefta at blir burte, men at funksjonen skal det arbeidast med og om ein kan bevara den i ein eller anna form.

Kommunerevisjonen IKS kalla inn til eit eigarmøte, nok ein gong på Gol, der både eigarane i Hallingdal men og frå Valdres møtte. Eit godt møte der styret la fram sitt arbeid med ein selskapsstrategi som seinare vil koma på høyring i alle kommunane. Her tek ein tak i kva selskapet skal og ikkje skal føreta seg og på kva måte oppgåver skal løysast. Eit godt grep av styret meiner nå eg.



Og heldig var eg då eg vart invitert med på seremonien i Gol Kyrkje der Martha vart vigsla til diakon. Ein fantastisk fin dag, saman med biskopen, Martha, kyrkjelyden og vener og familie av Martha. Eg var så heldig å få gje Martha nokre gode ord på vegen, og eg er oppriktig glad for at Martha valde å koma hit til Gol og bidra inn i eit viktig arbeid retta mot alle aldersgrupper, men spesielt mot dei som treng det mest. Lykke til Martha!

Ein tur te Drammen blir det alltid og no var grunnen Kollektivråd. Her samlast fylke sine politiske



representantar, men og fylkeskommunen sine tilsette som driv med samferdsle. I tillegg la Brakar (busselskapet i Buskerud) fram tal og framtidsutsikter og Bane Nor la fram sine prioriteringar frå sitt handlingsprogram. Gledelig var det sjølvsagt å sjå at Gol stasjon som prosjekt er inne i handlingsprogrammet deira og at me endeleg skal få til den oppgraderinga me så sårt treng for eit slikt kollektiv og trafikk-knutepunkt!



Regionrådet jobbar vidare med eit prosjekt der me dykkar ned i temaet «Livskvalitet». Eit møte med blant anna representantar frå fylkeskommunen, Distriktssenteret og Folkehelseinstituttet gav meir kjøt på beinet ift. å tenkje seg korleis dette kan mållast og jobbas med i eit planleggingsperspektiv. Veldig spennande for Hallingdal!



Det er alltid stas å få besøk, og i april kom fylkesmannen med sine gode hjelparar for å ha eit dialogmøte med kommunen. Me prata breitt om både kommunens økonomi, revideringsprosessen av både samfunnsdelen av kommuneplanen men og om arealdelane våre og sjølvstøtt prata me om dei tilsyna fylkesmannen har gjennomført her i Gol og som har vist avvik. Det er utruleg riktig og viktig at fylkesmannen kjem ut til kommunane og held dialogen, for då lærer me kvarandre å kjenne samtidig som me finn gode løysingar som passar lokalt. Det er ikkje sikkert me får til fleire slike dialogmøte når fylkesmannsembetet endrar seg frå 2019. Valgerd Svarstad Haugland blir vår nye fylkesmann, men ho blir også fylkesmann for reisten av Viken og Oslo. Det blir interessant korleis ho skal løyse oppgåva med å ha dialog og god kontakt vidare.

Månaden vart avslutta med Hallingtinget på Pers Hotell på Gol der me hadde besøk av leiaren i LVK (Landssamanslutninga for vasskraftkommunar) samt Mads Elbrønd frå Gol kommune som har arbeida med Regional plan for idrettsanlegg og tilslutt Anne Sandum og Kjersti Hulbakk som fortalde oss meir om arbeidet med Viken. Sjå møtebok på Regionrådet sine nettsider; regionraadet.no

Mai:



Som eg sa innleiingsvis så kom sumaren fort, og våren varte knapt nokre veker. Men mai månad starta med at eg vart invitert til Valfagmessa på Geilo for alle 8. klassingar i heile Hallingdal. Eg var der som meddommar med Tony Kjøl (tidligere ordførar i Hol) i ein av kategoriane elevane hadde utstilling i. Det var utruleg kjekt å sjå at fokuset hjå elevane sirkla rundt spesielt to ting; miljø og sosialt entreprenørskap! Det er så godt å sjå med sine eigne auge at ungdommen er opptekne av desse temaene og det gjer verkeleg håp for ny utvikling i framtida.

Innad i kommunen hadde me ei intern orientering om prosjektarbeidet med å bli «Trafikksikker kommune» noko kommunestyret og meg sjølv har ivra etter å bli. Me har hatt ekstremt god hjelp av ein medarbeidar som har kome inn for ei periode og testa arbeidslivet. Eg gler meg til saka kjem til kommunestyret til hausten!

Me fekk også besøk denna månaden, men no frå ein representant frå Statens Vegvesen. Møte gjaldt den gamle og den nye vegtrafikkstasjonen og korleis overgangen mellom dei skal bli, samt kva tenester me kan forvente i framtida frå den nye trafikkstasjonen. Som alle andre etatar digitalisera også vegtrafikkstasjonane, men representanten kunne seie at dei ikkje nedbemannar av den grunn. Dei såg heller på måtar å omfordele oppgåver på for å oppretthalde arbeidsplassane desentralisert. Som de kanskje har merka er vegtrafikkstasjonens opningstider endra noko, med at det er stengt tysdagar. SVV var ute med annonse i Hallingdølen, så dette skal vera kommunisert. Men følg med vidare så skal eg fortelje om når formannskapet var på kranselag med Statsbygg på den nye vegtrafikkstasjonen!

Det hender seg at ein får nokre moglegheiter og eg er fan av å gripe dei som måtte koma min veg. LVK spurde meg tidligare i vår om eg kunne sitja i ei ressursgruppe der me skal bidra til å kommunisere ut og påverke dei bestemmelsane som kjem og endrar seg for oss som vasskraftkommunar. Eit fyrste møte fann stad i Oslo der eg atter ei gong var litt meir klok på vasskraft og rammebetingelsane våre som vasskraftkommunar.



Med våren kjem Ungt Entreprenørskap, og atter ei gong stilte eg meg disponibel til å lære 4. klassingane våre om gode lokalsamfunn og demokratiske prosessar. I år fekk eg med meg Martha Nistad og saman kjørte me eit opplegg på skulen som me avslutta i fellesskap i kommunestyresalen, akkurat som eit ordinært kommunestyremøte. Det er utruleg artig å få lære ungane om korleis me jobbar for og med lokalsamfunnet vårt, for jammen lærer eg noko kvar gong eg er med ungane våre.

Arbeidsgruppa for omsorg hadde sitt andre, og etterlengta møte, i mai. Som eit tiltak etter studieturen til Ringebu i mars ynskte rådmannen og drøfte om arbeidsgruppa kunne erstattast med eit brukarråd som dei har i Ringebu. I eit brukarråd vil både pårørande og brukarar vera representert og få høve til å koma med konstruktive innspel til tenesta. Arbeidsgruppa var einige om at dette var ein god ide og at me testar det ut.

Som den siste i sitt slag var rådmannen og eg invitert til fylkesmannens siste ordførar og rådmannskonferanse i Buskerud. Det var faktisk noko vemodig over det heile, og me ordførarar lot ikkje anledninga gleppe til å markere ei ny tid.



Så kranselag på RV 7 saman med Statsbygg som bygger sitt fyrste digibygge i Norge på Gol! Utruleg spanande og utruleg lærerikt. Sidan det var formannskap same dag så tok me likesågdtd lunsjen vår ute og deltok på ei orientering samt synfaring av det veksande bygget ved den nye avkøyringa til Gol. Med VR-brillu og andre digitale hjelpemiddel fekk me ei nøyte innføring i korleis arbeidet er gjennomført hittils, samtidig som me kunne sjå korleis bygget er tenkt ferdig. Arbeidet gjennomførast saman med ei lokal entreprenør og tenkt dei reiser Statsbygg sitt fyrste digitale bygge på Gol!

JUNI:



Tidlig ein morgon, men ikkje på stasjonen, stod eg opp og kom meg til fjells. Eg var nemleg invitert av Arne Nibstad til å teste ut hans siste prosjekt, den store stolpejakten som han har gjennomført oppe på Golsfjellet. Saman med Friskliv, Visit Gol, næringsdrivande på fjellet og Hallingdølen tok me føtan fatt og kom uss opp på fyrste stolpen på Storefjell-toppen. Eit fantastisk tiltak som gjer att endå fleire, både innbyggjarar og besøkande, kjem seg ut og får motivasjon til å fortsetja med nettopp det.

Naturen rundt uss, både i eigen kommune, men og alt ein kan sjå frå Gol som eit utgangspunkt til andre kommunar er jo også ein stor motivasjonsfaktor for å koma seg ut og nyte!

Så etter ein rask biltur til Lillehammer og ein litt lengre togtur med NSB, hamna eg i Trondheim på SIVA-konferansa. SIVA er eit statleg selskap som skal gå inn, spesielt i distrikta, og bidra med verkemiddel som skal hjelpe næringslivet og vekse lokalt. Ei spennande konferanse, all den tid at selskapet og deira oppgåver er tenkt flytta ut til dei nye regionane. Eg reiste ikkje åleine, men i godt

selskap med dagleg leiar i Hallingdal Næringshage som nettopp er ein SIVA-partner. Gjennom Hallingdal Næringshage har næringsdrivande i Hallingdal det beste utgangspunktet for å skape vekst i eigen bedrift og næring!

Og med godværet, kjem også gode tiltak. For eit fantastisk arrangement Gol IL ved fotballgruppa klarar å få av stabelen kvart år med Hallingcup. 1000 blide og fotballglade menneskjer samla på Gol ei helg gjer at Gol verkeleg blir sett på kartet. Det skal nemnast at for ikkje mange helgar sidan var også Gol arrangementstad for eit turnstevne der heile 500 deltakarar var med. Idretten bidreg verkeleg med å setja Gol på kartet og skapa eit godt omdømme for kommunen vår, og det skal dei ha takk for. Men til Hallingcupen skal det leggjast til at eg vart utfordra på å væra dommar i ein jentekamp mellom Geilo og Hakadalen, noko som for meg var ei fin oppleving då eg tydeleg såg med mine eigne auge at fair play er eit godt innarbeida begrep men og handling i fotball-ungdommen!



Etter kampen rasa eg vidare til eit anna arrangement eg var invitert til, Hallingdal Hesteutstilling. Flotte gutar og jenter som eg vil påstå er utruleg tøffe der dei sit på hesteryggen, viste oss alt frå ordinær ridning til akrobatikk på hesteryggen. Fantastisk stemning, og flott ungdom!

Så gjekk turen til Lyngør for ei overføringsamling men og som ei avslutning på det utviklingsarbeidet me har gjort i skulen. Veilederkorpset inviterte Gol og Tvedestrand kommunar til å samlast og dele erfaringar frå arbeidet som gir oss spesielt to ting. Det eine er at me reflekterer over kva me har gjort og kva me vil gjera framover og det andre er at me deler tips og erfaringar som kjem godt med i det vidare arbeidet. Det har vore utruleg spennande å ha sitti som representant for skuleeigar samtidig som eg vil arbeide vidare med å utvikle kommunestyret si rolle som skuleeigar framover. Felles ansvar for felles ungdom!



Siste møte i Gol Ungdomsråd fant stad i parken, like ved tiltaket som nettopp GUR har sett i gang, pumptrack i Gol. Me starta møtet med ei befaring av arbeidet og me var alle einige i at dette er eit viktig tiltak for dei barn og unge som ikkje vel å drive med organisert aktivitet. Uorganiserte arenaer er og viktige i eit lokalsamfunn, og eg vil oppfordre oss vaksne spesielt til å nytte anledninga til å ta ein tur innom, følgje ungdommen vår og engasjere oss i kva for aktivitet dei faktisk driv med på desse arenaene, for etter mi erfaring er det utruleg mykje dei

lærar av kvarandre og utviklar av talent, sjølv om dei ikkje har ein trenar. GUR vil legge til rette for sitteplassar slik at pumptracken også kan bli ein sosial arena for store og små! Dette heiar me verkeleg på!

På Pers dagen etter var det invitert til fagdag for både fagpersonar men og alle oss andre som jobbar direkte eller indirekte med ungdom. Fokus for samlinga var radikaliserings, ekstremisme og førebygging av nettopp dette. Flotte foredragshaldarar drog oss igjennom ein særst interessant dag.

Etter ei interessant reise i partimedfør til Sogn og Fjordane gjekk turen til Hønefoss der rådmannen og eg vart invitert til idèdugnad rundt eit prosjekt der det blir jobba med ei plattform for innbyggjarmedverknad. Me heng uss på vidare då me ser at dette kan vèra ei løysing for å få fleire til å engasjere seg i lokalsamfunnet og kommunen.



Å få tale til 10.klassingane ved Gol Skule har nærmast vorte ein tradisjon, og ein tradisjon eg verkeleg sett pris på. Unge, håpefulle som er klare for skrittet vidare. I år fekk eg og moglegheita til å tale på skuleavslutninga ved Ål Vidaregåande Skule. I kulturhuset satt både elevar som fekk sine fagbrev og svennebrev, avgangselevar men og elevar ved skulen som skulle få sine karakterar for året. Det er imponerande og inspirerande å sjå at både unge og vaksne som tek relevante utdanningar i forskjellige livssituasjonar. Eit utruleg artig oppdrag!

På Gol har me eit flott sentrum, og me er kjende for nettopp det. Likevel har me større potensiale. Ei lita arbeidsgruppe sette ut på ein synfaringsrunde for å kartlegge kva ein kan gjera på kort og lang sikt for å forskjøne Gol. Me håpar på i neste fase at me får til eit samarbeid med dei private interessene for å gjera noko i lag der me kanskje kan få ut nokre vinn-vinn effektar. Dette skal me jobbe meir med til hausten.



Fyrste møte i ei rekke med dialogmøter mellom kommunen og våre eldre gjekk av stabelen på Gol Skule der temaet Velferdsteknologi var på agendaen. I tillegg til informasjon i aulaen hadde kommunen og frivilligheita sett opp små informasjons- stander ute i hjarterommet der dei framømte kunne spørja, prøve å meir informasjon om kva tenester og tilbod me har totalt sett i Gol. Flott oppmøte tydar på at det ikkje blir siste gongen me arrangerer dette, og ein spesiell takk går til RÅFU (Råd for eldre og menneskjer med nedsett funksjonsevne) for initiativet!

På Storefjell møtte eg pensjonistane frå lokallaga frå Buskerud til Seniorveka. Eit fantastisk tiltak som set mange eldre i aktivitet og ikkje minst skapar ei god sosial arena. Med eit mangfald av aktivitetar gjennom veka så vonar eg at dei får ei aktiv og fin veke på Storefjell i Gol!

Regionrådet hadde sitt siste møte før sumaren på Flå. Sjå aktuelle sakar på regionraadet.no. I tillegg fekk me ei omvisning i Bjørneparken som verkeleg er eit fyrtårn for Hallingdal. Flotte fasilitetar og mange spennande aktivitetar og skuer. Ettermiddagen avslutta eg med å vèra med ordførar på Nes, Tore Haraldset, for å helse 4H`arane på deira fylkesleir på Nesbyen. Flotte, flinke og kloke ungdommar var samla til ei aktivitetsfylt helg på Nes, der sjansen for å skapa mange gode minner for reisten av livet var stor!

Riktig god sumar!

